

Saksbehandlar: Daniel Gåsemyr Fluge, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 14/3167-2

Prosedyre for fylkeskommunale garantiar

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

- A. Fylkesutvalet stadfestar at følgjande prosedyre for fylkeskommunale garantiar framleis er gjeldande:
- 1) Det vert ikkje gjeve fylkeskommunale garantiar til anna verksemd enn bompengefinansiering av vegar.
 - 2) Som alternativ til fylkeskommunal garanti kan det søkjast om fylkeskommunale tilskot. Mottekne søknader om fylkeskommunal garanti skal handsamast etter følgjande prosedyre:
 - a) Når ein mottek søknad om fylkeskommunal garanti, vert denne førelagt FU til orientering. Om FU ikkje har merknader følgjer fylkesrådmannen prosedyren vidare.
 - b) Fylkesrådmannen gjer søkjaren merksam på at fylkeskommunen som hovudregel ikkje gjev slike garantiar og at det alternativt kan søkjast om tilskot.
 - c) Omsøkt tilskotsbeløp skal reflektere den innsparinga ein fylkeskommunal garanti ville gitt. Søkjar må framskaffe materiale og dokumentere sannsynleg innsparing.
 - d) Søknaden vert adressert til det respektive hovudutval for vidare handsaming.
 - e) Hovudutvalet tek stilling til om tilskotet skal prioriterast innafor tilgjengelege tilskotsmidlar.
- B. I tråd med punkt 1 over, får Musea i Sogn og Fjordane avslag på søknad om fylkeskommunal garanti.

Vedlegg:

Søknad om lånegaranti – Musea i Sogn og Fjordane

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Musea i Sogn og Fjordane har søkt Sogn og Fjordane fylkeskommune om ein garanti for låneoppptak på tilsaman 13,5 mill. kr. Dette gjeld låneoppptak for investeringar knytt til Norsk Reiselivsmuseum og Kystmuseet. Bakgrunn for søknaden er å gi Musea i Sogn og Fjordane betre lånevilkår.

Fylkeskommunen har så langt ikkje hatt søknader om fylkeskommunal garanti til andre organisasjonar enn bompengeselskap. Fylkesrådmannen finn det difor tenleg å vise kva prosedyre vi har hatt for fylkeskommunale garantiar, og å stadfeste at denne prosedyren framleis skal stå ved lag.

Fylkesutvalet slutta seg til følgjande prosedyre 28.05.2002:

1. Når ein mottok søknad om fylkeskommunal garanti, vert denne førelagt FU til orientering. Om FU ikkje har merknader følgjer fylkesrådmannen prosedyren vidare.
2. Fylkesrådmannen gjer søkjaren merksam på at fylkeskommunen som hovudregel ikkje gjev slike garantiar og at det alternativt kan søkjast om tilskot.
3. Tilskotsbeløpet bør reflektere den innsparinga ein fylkeskommunal garanti ville gitt. Søklar må framskaffe materiale og dokumentere sannsynleg innsparing.
4. Søknaden vert adressert til det respektive hovudutval for vidare handsaming.

Handsaming i hovudutvalet sikrar god/rett prioritering av tilgjengelege tilskotsmidlar»

2. Vurdering

Kommunelova §51 gjev fylkeskommunen høve til å stille garantiar for andre aktørar sine økonomiske plikter (med unntak av næringsverksemd), men krev at alle garantistillingane skal godkjennast av departementet. "Forskrift om kommunale og fylkeskommunale garantier" opnar likevel for at mindre garantistillingar (under 500.000 kr) kan gjevast utan statleg godkjenning.

Fylkesrådmannen tilrår å halde fram med gjeldande prosedyre for fylkeskommunale garantiar. Dette medfører at fylkeskommunale garantiar som hovudregel ikkje vert gjeve til anna verksemd enn bompengefinansiering av vegar.

Argumentasjonen for å innføre denne prosedyren i 2002 var i hovudsak følgjande:

- Dersom det vert opna opp for å stille garantiar for mindre prosjekt, vil dette kunne føre til mange søknader frå andre partar. Dette kan igjen føre til at det vil verte utfordrande å skilje mellom kva verksemd fylkeskommunen eventuelt skal stille garantiar for.
- Det kan også føre til eit uoversiktleg meirarbeid for fylkeskommunen ved at lånegjevaren vert mindre kritisk til lånegrunnlaget og fylkeskommunen må i større grad ta ansvar for grundig kredittvurdering. Slike garantiar har ei potensiell kostnadsside. Risikoen for å tape pengar vert overført til Sogn og Fjordane fylkeskommune som garantistillar.

Fylkesrådmannen ser ikkje at desse tilhøva har endra seg.

Etter at denne prosedyren vart vedteken i 2002 er det igjen opna for at fylkeskommunane kan stille sjølvskyldnarkausjon. Denne garantiforma er særleg utfordrande og svært ressurskrevjande for garantistillar om den vert gjort effektiv.

I praksis betyr ein sjølvskyldnarkausjon at lånegjevar kan krevje at fylkeskommunen trer inn i låneavtalen alt ved første misleghald frå lånetakar. Dette vil skyve det økonomiske ansvaret over på fylkeskommunen og vi må i neste omgang gå mot lånetakar - i dette tilfellet musea - for å søkje å få dekning for mest mogleg av låneforpliktingane.

Dette er eit viktig tilleggsargument for at vi bør halde på gjeldande prosedyre.

3. Konklusjon

Fylkesrådmannen legg til grunn gjeldande prosedyre i handsaminga av fylkeskommunale garantiar.

I tråd med prosedyren vert det tilrådd at Musea i Sogn og Fjordane får avslag på søknaden om garanti. Alternativt kan det søkast om tilskot som reflekterer innsparinga søkaren går glipp av ved at det ikkje vert stilt garanti. Ev. søknader må handsamast som ein del av budsjettprosessen 2015/økonomiplan 2015-18.